

Arkiv:
JournalpostID: 19/1946
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 25.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
007/19	Eldreråd	02.12.2019
003/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2019
006/19	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	03.12.2019
	Alver kommunestyre	
003/19	Ungdomsråd	27.11.2019

Anleggsstrategi for Alver 2020-2024

Vedlegg i saken:

- | | | |
|------------|---|---------|
| 25.11.2019 | Vedlegg 1 - Anleggsstrategi for Alver kommune 2020-2024 | 1328928 |
| 25.11.2019 | Vedlegg 2 - Anleggstrategi for Alver 2020 innspel | 1328929 |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 slik den ligg ved saka

Ungdomsråd 27.11.2019:

Behandling:

Sak tatt til orientering

UR- 003/19 Vedtak:

Sak tatt til orientering, ingen merknader

Eldreråd 02.12.2019:

Behandling:

Avdelingsleiar Marian Guddal Hansen orienterte i saka og svara på spørsmål.

Avdelingsleiaren sa at den anleggsstrategi for Alver er ei vidareføring av dei tre idrettsplanane i dei tre kommunane. Det vert starta arbeid med ny idrettsplan i Alver kommune hausten 2020.

Leiar Olav Steinsland sette fram følgjande tilleggsframlegg i møtet, knytt til Samordning og hovdmål - Fyssk aktivitet og for alle som naturleg del av kvardagen:

Avsnitt 2 - underpunkt:

- Styrka tilbodet til eldre og uføre for eigenorganisert aktivitet.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg frå Olav Steinsland sett fram i møtet.

ER- 007/19 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 slik den ligg ved saka, med følgjande tillegg under "Samordning og hovudmål - Fysisk aktivitet for alle som naturleg del av kvardagen".

Avsnitt 2 - underpunkt:

- Styrka tilbodet til eldre og uføre for eigenorganisert aktivitet.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:

Behandling:

Orientering til saka v/Mariann Guddal Hansen-avd.leiar Kulturutvikling, idrett og frivilligheit

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 003/19 Vedtak:

Uttale i RMNF -02.12.2019:

Ingen merknader.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 006/19 Vedtak:

Innstilling frå Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur - 03.12.2019:

Kommunestyret godkjenner Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 slik den ligg ved saka

Bakgrunn

Det er eit krav for tildeling av spelemedilar at ein har ein politisk vedteken prioritert handlingsplan for etablering eller rehabilitering av idretts-, frilufts- og nærmiljøanlegg. Ein slik handlingsplan er normalt del av ein kommunal plan for idrett og friluftsliv, og står i samanheng med måla, strategiane og tiltaka i desse planane.

For å sikre at søkerar i Alver kommune, inkludert kommuneorganisasjonen, vil kvalifisere for spelemedilar i 2020, har ein utarbeidd eit dokument som samordnar og vidareførar dei tre idrettsplanane frå dagens kommunar i påvente av ny idrettsplan. Arbeidet er gjennomført som fagprosjekt med administrativ styring, med omfattande medverknad, og har leia fram til *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024*.

Anleggsstrategien vidarefører eksisterande politikk frå dei tre kommunane, og må vere ferdig handsama innan 15. januar 2020. Endleg godkjend kommunedelplan for idrett, folkehelse og

friluftsliv vil erstatte anleggsstrategien. Planstrategi for Alver setter oppstart for dette arbeidet til hausten 2020.

Dagens idrettsplanar har følgjande planperiodar: Lindås til 2024, Radøy til 2026 og Meland til 2019 (med tiltak utover planperioden).

Vurdering

Anleggsstrategien består av tre samordna delar: handlingsplan anlegg, handlingsplan tiltak og mål-strategiar. I tillegg kjem ein prinsippdel, som grunnlag for forholdet mellom idretten og Alver kommune. Denne er utarbeidd for å setje eit felles utgangspunkt for vidare arbeid, samt å legge ein felles og solid plattform med bakgrunn i at dagens tre kommunar er svært ulike innan dette feltet, og temaet rører mange partar.

Handlingsdelen for anlegg er ei vidareføring av anlegg frå dagens tre idrettsplanar. Denne er i tre delar.

Den første er ei teknisk nummerering av anlegg som er ferdigstilte, under bygging eller konkret planlegging. Nummereringa omhandlar rekkjefølgja på prioritering av spelemidlar til desse anlegga. Det er minste ventetid for spelemidlar til ordinære idrettsanlegg på tre år. Dette medfører at ein må søkje minimum tre gongar for å kunne kvalifisere for tildeling. Saman med prinsippdelen sine punkt, som sikrar at både private og kommunale anlegg får utbetaling, gir treårsregelen føringar for nummereringa. Denne delen av lista omhandlar ikkje prioriteringar for anleggsutbygging, men for utbetalingsrekjkjefølgje.

Den andre delen (2020-2024) består for det første av private prosjekt innanfor planperiodane til dagens tre idrettsplanar, men som ikkje er konkludert eller konkretisert for oppstart. For kommunale prosjekt gjeld denne delen vidareføring av offentleg anleggsutvikling som ligg i ein av dagens idrettsplanar, men som ikkje ligg inne i økonomiplanen for same periode. Eventuell realisering av desse prosjekta er avhengig av økonomiplanprosess.

Den tredje delen er vidareføring av tiltak som ligg i langtidsplan i dagens idrettsplanar.

Sidan ein vidareførar og samordnar dagens idrettsplanar, er større endringar avhengig av andre prosessar eller som del av kommande idrettsplan.

Handlingsdelen for tiltak er vidareføring og samordning av tiltaka i dagens tre idrettsplanar. Somme av tiltaka er forankring for Alver kommune eller andre partar sine søknadar til ekstern finansiering, somme er finansiert som del av normal drift, mens andre vil vere avhengig av Alver sitt økonomiplanarbeid. Ein breiare vurdering av dette kan takast heilskapleg som del av økonomiplanarbeidet i 2021.

Av nye tiltak, som ikkje ligg i dagens idrettsplanar, er dagsturhytteprosjektet. Dette er ei ny sak for kommunane i Hordaland, der dagsturhytteprosjektet i Sogn og fjordane no kjem til vår del av den nye fylkeskommunen. Prosjektet vil vere i tråd med eksisterande mål og strategiar og er derfor tatt inn.

Friluftslivets ferdsselsårer er og eit nytt tiltak. Dette er ei nasjonal vidareføring av turkiltprosjektet og Miljødirektoratet sitt initiativ *Kartlegging og verdisetting av friluftsområde*. Begge desse tiltaka er del av idrettsplanane og arbeid i dei tre kommunane dei siste åra.

Friluftslivets ferdsselsårer tek områdekartlegginga og merkinga av turstiar vidare for å kartlegge dei faktiske ferdsselsrutene i Alver, etter felles nasjonal metode.

Samordning av mål og strategiar er gjort med utgangspunkt i kommuneplanane og idrettsplanane i dagens tre kommunar, for å vidareføre eit samordna retningsgivande grunnlag for arbeidet i anleggstrategiperioden.

Prosess

Konseptfasen av fagprosjektet vart gjennomført med dei tre idrettsråda som referansegruppe, og idrettsansvarlege i dei tre kommunane som prosjektgruppe saman med hovudtillitsvald.

I planleggingsfasen vart prosjektgruppa utvida med representant frå sektorane oppvekst og teknisk drift og forvalting. I denne fasen vart det sett ned arbeidsgruppe beståande av idrettsansvarlege i dei tre kommunane og seks representantar frå fellesnemnda til Alver idrettsråd, to får kvar kommune. Referansegruppe var lag og organisasjonar innan idretts-, frilufts- og aktivitetsfeltet i dei tre kommunane.

I mai vart det sendt ut påminning om rullering av handlingsdelane, og det kom inn ni innspele fra aktørar i dei tre kommunane. Utkast til anleggsstrategien vart til offentleg gjennomsyn i september, og det kom inn tre innspele. Sjå eiga vedlegg for detaljar. Det vart gjennomført eige dialogmøte med fellesnemnda for Alver idrettsråd i samband med gjennomsynet. Strategien vart presentert for Fellesnemnda for Alver kommune i oktober 2019.

Strategien er utarbeidd i tett og open dialog med idretten gjennom fleire arbeidsmøte i perioden februar til september 2019. Strategien endrar ikkje på prioriteringar for kommunal anleggsutvikling åra framover, men tek inn endringar til faktiske tilhøve for privat anleggsutvikling.

Gjennomføring av fagprosjektet skjer ved endeleg handsaming av anleggsstrategien og implementering i etterkant. Anleggsstrategien vil fungere som idrettsplan etter spelemiddelføresegna inntil ny idrettsplan i Alver er endeleg godkjend. Anleggsstrategien vil rullerast kvart år i perioden.

Konklusjon

Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 er resultat av ein langvarig prosess med omfattande medverknad. Strategien dannar grunnlag for kontinuitet innan for idrett-, aktivitet- og friluftslivsfeltet, og samordnar anleggsutvikling, tiltak og strategiar. Vidare legg strategien eit felles grunnlag for tilhøvet mellom idretten og Alver kommune framover. Strategien vert erstatta av ny kommunal plan for idrett når denne er klar.